



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
108/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	23.11.2015
91/2015	Kommunestyret	PS	14.12.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 614, FA - D11	14/1613

DRIFTSMODELL FOR TURBINEN FLEIRBRUKSHALL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune er eigar og har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Turbinen Fleirbrukshall.
2. Vaksdal kommune har ansvar for utleigeverksemd.
3. Vaksdal kommune let idretten/frivillige lag ta seg av følgjande oppgåver i tråd med egne avtalar:
 - a. Drift og inntekt av kafeteria/kiosk.
 - b. Vakthald/tilsyn/tryggleik utanom arbeidstid som føreset ein intensjonskunngjering på førehand
 - c. Administrasjon og inntekt knytt til reklame- og sponsorarbeid.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 108/2015

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

1. Vaksdal kommune er eigar og har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Turbinen Fleirbrukshall.
2. Vaksdal kommune har ansvar for utleigeverksemd.
3. Vaksdal kommune let idretten/frivillige lag ta seg av følgjande oppgåver i tråd med egne avtalar:
 - a. Drift og inntekt av kafeteria/kiosk.
 - b. Vakthald/tilsyn/tryggleik utanom arbeidstid som føreset ein intensjonskunngjering på førehand
 - c. Administrasjon og inntekt knytt til reklame- og sponsorarbeid.

Kommunestyret - Sak 91/2015

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Vedtak:

1. Vaksdal kommune er eigar og har ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av Turbinen Fleirbrukshall.
2. Vaksdal kommune har ansvar for utleigeverksemd.
3. Vaksdal kommune let idretten/frivillige lag ta seg av følgjande oppgåver i tråd med egne avtalar:
 - a. Drift og inntekt av kafeteria/kiosk.
 - b. Vakthald/tilsyn/tryggleik utanom arbeidstid som føreset ein intensjonskunngjering på førehand
 - c. Administrasjon og inntekt knytt til reklame- og sponsorarbeid.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert vist til kommunestyrevedtak i sak 044/13 punkt 1:

«Vaksdal kommune er eigar og har ansvar for drift, vedlikehald, reinhald og tek kostnaden med dette. Drifta i 2014 vert organisert som ein kommunal avdeling med driftsstyre. Det skal utgreiast om drifta som skal organiserast som eit kommunalt føretak frå 1.januar 2015. Administrasjonen kommer attende med sak for kommunestyret om framtidig driftsmodell innan 1.september 2014.»

Kommunestyret vedtok i sak 58/2014 å forlengje prøvedriftsperioden med ytterlegare eitt år.

Vurdering

Turbinen fleirbrukshall vart opna 25.januar 2014 og har vorte drive som ei kommunal avdeling under eininga samfunnsutvikling. Hallen har sidan 1.januar 2014 hatt driftsleiar i 40% stilling, samt hatt vaktmeistertenester og reinhald utført av kommunalt tilsette. Hallen har vore i full bruk sidan opninga, men ein del «barnesjukdommar» med bygget, gjorde at det var vanskeleg å sjå kva som var reelle utgifter ved normal drift då ein skulle ta denne saka opp til avgjerd hausten 2014. Saka om val av driftsmodell vart difor utsett eit år og ein har mellombels halde fram som kommunal avdeling.

I saksutgreiinga til sak 044/13 set ein alternativet «kommunalt føretak» opp mot «del av kommunal avdeling/eining».

Ein rekna då med at eit kommunalt føretak vil ha noko høgare administrative kostnader. Det er ikkje noko som tyder på at dette er endra. Kostnader elles vil vera om lag dei same uansett kva modell ein vel. Økonomisk vart hallen drive noko under budsjetterte kostnader fyrste driftsår. Til no i år ser drifta ut til å ha stabilisert seg om lag på budsjett.

Ein ser det som ein fordel med drifta slik ho har vore til no, at ein ved sjukdom kan omorganisere mellom dei ulike kommunale avdelingane og det same gjeld når ein har «overkapasitet» i periodar med liten aktivitet i hallen. Ein oppnår på denne måten ein meir fleksibel bruk av personalressursane og gjennom dette lågare kostander for både fleirbrukshallen og andre kommunale avdelingar. Om ein vel modellen kommunalt føretak for vidare drift vil ein vera langt meir personavhengig enn det ein er no.

Som fordel med eit føretak vert nemnt at ein kan marknadsføre og utvikle tilbodet betre i hallen som dette, enn som ein avdeling i kommunen. Ein har til no ikkje opplevd dette som eit problem i drifta som del av kommunal eining.

Den største skilnaden finn ein i at eit kommunalt føretak kan opparbeide over- og underskot over år.

Ved overskot kan ein då setje av pengar til seinare bruk, f.eks til oppgraderingar eller større vedlikehald. Som kommunal avdeling startar ein på null kvart år og eventuelle ekstraordinære kostnadar må takast over kommunen sitt ordinære budsjett. Slik er det for alle kommunale bygg.

Ein ser heller ikkje at det skal halda fram driftsstyre for hallen. Dette har hatt til dels uklåre oppgåver og vore i liten aktivitet. Det naturlege er at driftsleiar rapporterar i linja; til einingsleiar som igjen rapporterar til rådmann.

Brukarane har etablert eit eige brukarstyre. Dette har nær kontakt med driftsleiar og har ansvar for drifta på kveldstid/i helger og sal av reklame i hallen. Overskotet her går tilbake til hallen gjennom utstyrskjøp. Ein ser dette som ei god ordning for brukarane og meiner at dette bør halda fram.